

FØRESEGNER OM HANDEL UTANOM FAST UTSALSSTAD I ULVIK HERAD



Vedteke av Ulvik heradsstyre den 04.03.93 i medhald av lov av 6. juni 1980 om handelsverksemd § 3-2. Godkjent av Fylkesmannen i Hordaland i brev dagsett 27.10.93.

ULVIK HERAD
UTVIKLING

Kap. 1, Almene føresegner:

1.1

Desse føresegnene gjeld handel med varer i næring (handelsverksemd), utanom fast utsalsstad til forbrukarane i Ulvik herad, jfr. lov om handelsverksemd (handelslova) §1-1.

1.2

Handelsverksemd krev handelsrett i Noreg og handelsverksemd skal utøvast i samsvar med god forretningsskikk, jfr. handelslova § 1-3.

1.3.

Som fast utsalsstad reknast lokale der det vert drive handelsverksemd av stasjonær og regelmessig karakter, jfr. handelslova §1-4, 1. leden.

1.4

Kap. 3 gjeld og handel med varer til forbrukarane utanom næring, jfr. handelslova § 1-1, 4. leden.

Kap. 2, Handelsverksemd utanom fast utsalsstad :

2.1

Handelsverksemd utanom fast utsalsstad er tillatt i Ulvik herad på dei vilkår og med dei avgrensingane som fylgjer av handelslova og av desse føresegner.

2.2

I samsvar med §3-1 i handelslova skal dei som driv oppsøkjande handelsverksemd i heradet ha registreringsbevis gjeve av fylkesmannen. Kopi av registreringsbeviset skal utan oppfordring framvisast for kjøparen når dei handlande tilbyr sine varer, og skal overleverast til kjøparen dersom det vert gjort avtale om kjøp eller det vert inngjeve kjøpetilbod.

2.3

Oppsøkjande handelsverksemd med daglegvarer til forbrukar, med unntak av grønsaker, poteter, frukt og bær i si naturlege form er ikkje tillatt (jfr. handelslova §1-4, 2. leden og §3-2, 1. leden).

Som daglegvarer reknast matvarer og andre nærings- og nytingsmidlar, dyremat, vaske- og reingjeringsmidlar, toalettartiklar, hushaldningsvarer av papir og plast, bone- , rense- og pussemidlar, jfr. handelslova § 1-4, 2. leden

2.4

Utover dei avgrensingane for oppsøkjande handel som handelslova set, vert det ikkje sett forbod mot omsetjing av andre varer i heradet, jfr. handelslova § 3-2, 3. leden.

Kap. 3, Sal utanom fast utsalsstad frå salshaller, torg, portrom, gater, bryggjer og andre offentlege stader.

3.1

Sal utanom fast utsalsstad frå torg, bryggjer, gater, salshaller og offentlege plassar er berre tillatt når rådmannen har godkjent sal frå vedkomande stad. Det er same gjeld sal frå privat grunn som står i samband med strok med allmenn ferdsel.

Sal av varer er tillatt etter godkjenning av rådmannen frå følgjande stader ;

- dampskipskaia i Ulvik
- nord for kyrkja
- idrettsplassen ved Holmen
- Kongressbygget
- Elvatun

3.2

Rådmannen kan i einssilde tilfelle, t.d. i tilknytning til særlege tilstellingar, gjeva løyve til handel også på andre stader enn nemnd i pkt. 3.1, for inntil 5 dagar om gongen.

3.3

Heradet sine oppgåver knytta til slik handel som omfatta i kap. 3 i desse føresegner, vert handheva av rådmannen. Rådmannen kan delegera til heradet sin næringsmedarbeidar å ha ansvar for daglege avgjerdsler i tilknytning til handelen.

3.4

Den som vil driva handel etter kap. 3 i desse føresegner kan berre gjera dette innanfor ramma av heradet sine føresegner om stengje- og salstider.

Sal frå automat plassert utanom fast utsalsstad fell ikkje inn under denne regelen om salstider.

Ved fråvik frå desse salstider må det søkjast heradet om særskilt løyve, jfr. stengeføresegnene §4. Ingen må møta fram med varene tidlegare enn ein ½ time før salstida tek til. Salsplassen skal vera ferdig rydda seinast til det tidspunkt stengeføresegnene er fastsett at butikkane i heradet skal vera stengde.

3.5

Handel etter kap. 3 i desse føresegner krev løyve av rådmannen. Rådmannen eller den han gjev fullmakt til (næringsmedarbeidaren) tek avgjerd om kva plass den einssilde handlar skal ha. Når praktiske omsyn tilseier det, kan rådmannen eller den han gjev fullmakt, for kortare eller lengre tid flytta dei handlande til andre plassar enn dei tidlegare er blitt tildelt.

Handlande som ynskjer salsplass må søkja om dette til heradet sin næringsmedarbeidar innan kl. 10.00 dagen før handelen skal skje. Sjølv om søknaden er kome inn innanfor fristen er heradet likevel ikkje forplikta til å gje løyve dersom rådmannen finn at handsaming av søknaden krev meir tid enn det som er til rådvelde. Ved handel som medfører særleg lukt, støy eller anna ulempe, kan løyve nektast. Det kan setjast vilkår for løyve.

Rådmannen eller den han gjev fullmakt, kan etter søknad taka avgjerd om fast salsplass for eit tidsrom av inntil 6 månader om gongen. Tilvist plass som ikkje er teke i bruk innan kl. 09.30 kan stillast til rådvelde for andre handlarar resten av dagen.

Det er forbode å driva handel etter kap. 3 i desse føresegner utan å ha tilvist plass. Handel må berre drivast på tilvist plass. Er det ikkje plass til alle som søker å driva handel på vedkomande stad, skal lokale produsentar ha førerett.

3.6

Handlarane må følgja dei retningslinjer som vert gjevne. Ellers kan rådmannen eller den han gjev fullmakt, visa handlararen bort frå marknadsplassen. Handlararen kan då ikkje krevja tilbakebetalt leigeavgift for denne dagen, men derimot for etterfølgjande dagar dersom han er bortvist frå marknadsplassen for fleire dagar.

3.7

Ingen må oppta meir enn ein salsplass. Rådmannen eller den han gjev fullmakt til kan i særskilde høve tildela fleire plassar for ein dag så langt ingen andre vert avviste avdi det manglar plassar.

3.8

Salsbuene skal være forsynte med namneskilt eller liknande godkjende av rådmannen eller den han gjev fullmakt til (næringsmedarbeidaren). Handlararen som frambyr næringsmiddel skal kunna dokumentera godkjenning i samsvar med kap. 3.11. Handlarane skal dessutan vera utstyrte med kvittering for at salsavgifta er betalt. Handlarane må ikkje forlata varane sine utan naudsynt tilsyn medan handelen pågår.

3.9

Dei som driv sal på heradet sin grunn etter kap. 3 i desse føresegnene skal betala leige til heradskasseraren, og den einskilde handlande har sjølv ansvaret for at dette vort gjort. Bevis for betalt leige skal i samsvar med punkt 3.8 førevisast Lensmannen eller folk frå heradet ved kontroll.

Særskilt betalingsregulativ med leigesatsar og forfallstider skal vedtakast kvart år av formannskapet med virketid frå 1. januar.

Rådmannen kan heilt eller delvis frita humanitære organisasjonar frå leigeavgift. Det same gjeld ved t.d. særskilde arrangement og liknande.

3.10

Lensmannen har ansvaret for oppsynsfunksjonen og skal syta for at handelen går føre seg under ordna tilhøve og på beste måte.

3.11.

Næringsmiddeltilsynet skal godkjenna utstyr/innreiing og arbeidsrutinar for næringsmiddelverksemdar. Handlarane har sjølv ansvar for å skaffa seg naudsynt godkjenning frå næringsmiddeltilsynet. Ved frambod av grønnsaker, poteter, frukt og bær i si naturlege form krevst det ikkje godkjenning. Næringsmiddeltilsynet kan likevel nekta slik frambod dersom ein finn at frambodet skjer på ein hygienisk uforsvarleg måte.

3.12

Helse- og sosialsjefen har rett og plikt til å føra sanitær kontroll med handelen som fell inn under desse reglane.

Sal av matvarer skal skje frå bord/kasser som er heva minst 70 cm. over grunnen. Alle matvarer som krev hygienisk handsaming må marknadsførast i rein emballasje.

3.13

Seljaren må ordna utsala sine på best måte, og fylgja påbod frå Lensmann, rådmann og helse- og sosialsjef, eller den som opptrer på deira vegne.

Dei som ikkje følgjer føresegnene eller påbod kan visast bort frå salsstaden. Ingen må hindra den frie ferdsla til og frå salsplassen, eller uroa handelen. Når salstida er over, skal handlarane fjerna varer, transportreiskaper, emballasje, avfall o.a. frå salsstaden. Om ikkje dette vert gjort, kan heradet fjerna dette for selgjaren si rekning.

Kap. 4, Straff og andre reaksjonar

4.1

Den som forsetteleg eller i aktløyse bryt desse føresegnene vert straffa etter handelslova §5-1 med bøter eller under skjerpande omstende med fengsel i inntil 3 månader.

4.2

Brot på reglane i kap. 3, kan dessutan føra til utestengjing frå salsplass for eit nærare avgrensa tidsrom etter avgjerd frå rådmannen. Dette gjeld også handlarar med fast plass. Punkt 3.6 gjeld tilsvarane i desse tilfella.

Kap. 5, Ikraftsetjing:

5.1

Desse føresegnene trer i kraft frå 27.10.93 (frå den dato fylkesmannen godkjenner føresegnene.)